

Til Ullensvang for å dansa til band frå aust

16.02.2013

Neste søndag skulle det igjen ha vore dans på Helgheim. men det vert det ikkje fordi nøkkelparet og andre er bortreist på dans! Dei svingar seg fredag og laurdag på Hotell Ullensvang under det som etterkvart har vorte kalla dansegallaen.

Og det skjer til tonane til Contrazt frå Hedmark som med rette kallar seg folkets favorittband og som tek til å pusta sjølvaste Hellbillies i nakken!

Dei 5 i bandet som kjem frå Solørkommunane og Hamar var i fjor det mestselgjande dansebandet i landet.

Med totalt 11 veker på VG-lista og meir enn 20 000 selte eksemplar samt gullplate vart Contrazt årets danseband og påskjønta frå bransjen med Gullskoen.

Og bandet fylgjer opp suksessen med sittt sjuande album. Primus motor Leif Dybendal frå Våler har skreve dei fleste låtane - han er gitarist og vokalist. Men det er ikkje minst etter at den andre vokalisten Gro Anita Johansen frå Hamar kom med at bandet har teke skikkeleg av.

Det er prega av stor speglede og utan tvil av den nærliggjande svenske dansebandtradisjonen.

Plateslippet vil bli mellom anna bli sterkt markert under dansefestivalen i Sel i Gudbrandsdalen.

Av Ola Matti Mathisen